

Sunnhordland Kraftlag AS - Halvårsrapport 2024

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL)

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon av vasskraft. Konsernet sine anlegg ligg hovudsakleg i Hordaland i Vestland, og Rogaland. Gjennomsnittleg kraftproduksjon i stasjonane er 2,3 TWh. Selskapet produserer dessutan kraft i Sauda gjennom ein eigardel på 15 % i Saudefaldene AS. Konsernet satsar også på småkraft, for det meste i eigne dotterselskap og tilknytt selskap.

Resultat pr 30.06.2024

I 2024 har normaliseringa av kraftpris-nivået fortsett etter nokre spesielle år med stor påverking på kraftprisen av både låge magasin i Norge og geopolitisk uro i Europa med krig i Ukraina.

Kraftprisen har vært synkende gjennom første halvår, og kraftmarknaden vert i aukande grad påverka av uregulert kraftproduksjon som gir variasjonen i prisane. Det er i perioden også hatt fleire timar med negative prisar.

For SKL har perioden vært prega av høg prosjektaktivitet. Løkjelsvatn kraftverk i Litledalen i Etne er ferdigstilt og sett i drift. Kraftverket har vært under bygging frå 2018 og skal produsere 160 GWh årlig (20GWh ny produksjon), men tilnærma doblar effekten til 60 MW, noko som gjer at vi kan produsere meir kraft når behovet er størst. To andre kraftstasjonar i Litledalen vert også erstatta med nye. Arbeidet kom i gang hausten 2023 og er venta ferdig i 2025. I tillegg er det igangsett arbeid med utbetring av dam Hardelandsvatn i Litledalen og dam Midtbotvatn i Blåfalli-vassdraget.

Prosjekta har hatt stor påverknad på disponering av vatn og magasinstand i perioden. Til tross for dette har SKL hatt god oppetid på kraftverka, og har realisert ein kraftpris som ligg 10,5% høgare enn gjennomsnittsprisen i vårt område.

Resultatet for første halvår enda på 232,2 mill.kr etter skatt, mot 330,4 mill.kr i tilsvarende periode i 2023. Driftsresultatet vart totalt positivt med 615,8 mill. kroner mot 939,7 mill. kroner i 2023.

Totale driftskostnadar utgjer 304,6 mill. kroner, mot 431,4 mill. kroner for tilsvarende periode i 2023. Lønn og andre driftskostnadar utgjorde 85,3 mill. kroner mot 72,4 mill. kroner for same periode i 2023. Auken skuldast ein kombinasjon av fleire kraftstasjonar i drift, auke i tal på tilsette og generell prisstigning. «Avgift på kraftproduksjon» vart avvikla i 2023 og påverkar ikkje 2024, men utgjorde 108,2 mill.kroner i 2023. Totalt utgjer Egedomsskatt, Konesjonsavgift og Avgift på kraftproduksjon 32,7 mill.kroner mot 139,8 mill.kr i 2023.

Finanspostar gir netto negativt bidrag til resultatet med 3,8 mill. kroner mot netto positivt på 32,1 mill. kroner i 2023. Endringa skyldast høgare rentekostnad på renteberande gjeld.

Eigenkapitalen var 3 502,8 mill. kroner pr 30.06.2024 av ein totalkapital på 4 547,8 mill. kroner. Eigenkapitalandelen var 77,0%, mot 69% på tilsvarende tidspunkt i 2023. Total renteberande gjeld utgjorde 614,3 mill. kroner.

Netto likviditetsendring frå drifta første halvår er negativ med 488,8 mill. kroner etter betalt skatt på 1 120,0 mill. kroner. Den negative kontantstraumen er dekkja inn mellom anna gjennom redusert kortsiktig finansiell plassering og reduksjon av bankinnskott. Netto investering i driftsmidlar og finansielle anleggsmidlar utgjer 171,9 mill. kroner. Det er utbetalt utbytte til eigarar og minoritetsinteressar med 402,4 mill. kroner.

Kontantar og bankinnskott utgjorde 632,6 mill. kroner pr. 30.06.2023, inkludert fordring innestående konsernkonto.

Kraftproduksjon

Produksjonen var første halvår 2024 totalt 1026 GWh i SKL AS sine anlegg, mot 977 GWh i tilsvarende periode i 2023.

Selskapet sin del av produksjon i heil- eller deleigde småkraftselskap utgjorde 77,3 GWh i første halvår 2024 mot 67,4 i 2023.

Gjennomsnittleg områdepris i NO2 i første halvår 2024 vart 62,9 øre/kWh, medan tilsvarende periode i 2023 var 107,0 øre/kWh. Høgast månadleg gjennomsnittspris i første halvår 2024 var januar med 86,2 øre/kWh, medan juni vart lågast i perioden med 47,9 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft vert seld til spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i perioden fram til og med veke 26 vart 69,5 øre/kWh eksklusiv systemtenester, og 70,9 øre/kWh når ein inkluderer inntekter frå frekvensstøtte i primær- og tertiærmarknadene.

Investering i driftsmidlar og finansielle anlegg

Det er gjort ny- og reinvesteringar i driftsmidlar med 129,4 mill. kroner i konsernet, samt finansielle investering og utlån i andre selskap med 42,6 mill. kroner.

35,1 mill. kroner av investeringane er nytta til bygging av nye Løkjelsvatn Kraftverk i Litledalen, Etne. Kraftverket er venta å produsere 160 GWh og gje netto ny produksjon på 20 GWh. Løkjelsvatn Kraftverk, som gjekk i prøvedrift i juni, erstattar produksjonen frå tre aggregat i to eksisterande kraftverk.

Det er nytta 35,9 mill.kroner i samband med erstatting av ytterlegare to kraftverk i Litledalen. Desse er venta ferdigstillt i løpet av 2025.

Resterande investeringar gjeld oppstart av dam-utbetningsprosjekt, prosjektering av nye kraftstasjonar, mindre revisjonar av eksisterande kraftverk samt investering i verktøy, utstyr og vedlikehald/oppgradering av bygg.

Helse, miljø og sikkerheit

Konsernet hadde ein H1-verdi på 9,3 pr. juni 2024, mot 0 pr. juni 2023. Sjukefråværet i konsernet var på 3,34% første halvår 2024, mot 2,5% i tilsvarende periode i 2023.